



Alver kommune  
Att: Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Alver kommune - uttale til søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindås til uttale - Etablering av flytebryggeanlegg på Feste gnr70 bnr27 mfl

Vi viser til brev datert 23.04.2021 frå Alver kommune og søknad om dispensasjon for etabløring av flytebryggeanlegg på gnr 70 bnr 27 mfl. Feste.

Ifølgje kommunen sitt skriv;

*«Tiltaket består av flytebrygge på 116 meter der det i første omgang skal etablerast 26 båsar. I tillegg skal eksisterande brygge for fylling av drivstoff flyttast nokre meter mot nordvest i forhold til eksisterande plassering. Eksisterande flytebrygge skal fjernast.*

*Det vart i søknad mottatt 02.09.2020 søkt om etablering av anlegget. Tiltaket var i samsvar med reguleringsplan for Feste Kai og næringsområde, planid. 1263-201609 som vart godkjend i kommunestyret i sak 005/20 i møte den 20.02.2020. Etter klage på planen frå eigar av gbnr 70/5 og 70/19 (1/3 andel) vart saka oversend Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd, jf. oversending datert 19.11.2020. Statsforvaltaren i Vestland oppheva i vedtak datert 25.03.2021 kommunen sitt vedtak om godkjenning av detaljplanen for Feste kai og næringsområde».*

### Fiskeridirektoratet region Vest sin vurdering av dispensasjonssøknad

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at søknad om dispensasjon for etablering av flytebryggeanlegg vil komme vesentlig til hinder for arealbruk tilknyta utøving av fiske.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

